


NR 6.

JUNI 1981

14. ÅRGANG



God  
pinse

*Ånd fra himlen, kom med nåde,  
Kom her ned med lys og liv,  
La din guddommakt nu råde,  
Salighets forstand oss giv!  
Livets ord du selv forklare,  
Så det virker hva det vil,  
La oss her dets kraft erfare,  
Fyll vår sjel med hellig ild.*

Salmeverset kan gjerne være en bønn for oss ved pinse. Pinse er den tredje store høytiden i kirkeåret – men for mange den som er minst påaktet.

Pinsens budskap om Den Hellige Ånds gjerning er likevel helt grunnleggende for vår tro og for vårt menighetsliv.

Vi har bedt Åse Taule skrive en kort betraktning om det:

«Det intet øye så, og intet øre hørte, det som ikke kom opp i noe menneskes tanke, alt det Gud har gjort ferdig for den som elsker ham, dette har Gud åpenbart for oss med sin Ånd (1. Kor. 2.9-11).

over til side 2



*Kristin Voll og Ragnar Tesdal.*

## Ordinasjon i Arnakyrkja

Ragnar Tesdal vert ordinert til prest 10. juni i Arna kyrkja for å gjera teneste som kapellan på Voss. Han er frå Arna og som dei fleste kjenner til, var far hans prest i Arna i mange år. Det er derfor ei glede både for ordinanden og kyrkjelyden at ordinasjonen vert her.

Biskop Thor With vil foreta ordinasjonen. Det er første gongen biskopen er i Arna, og vi ser fram til dagen også av den grunn. Dessutan vert domprosten med saman med dei andre prestane som skal assistere ved ordinasjonen.

over til side 6

## Frå side 1

Pinse — hva betyr det ordet for deg? Noe vagt og ubestemmelig som ikke hører heime i vår hverdag? Nei, pinsens evangelium er noe som er håndfast og hverdagslig for oss. Det er Andens gjerning blant oss. Han skaper anger og tro, bekjennelse og syndstilgivelse. Gir åpenhet for oss til Gud og andre mennesker og virker fellesskap, glede, harmoni og trygghet.

Kort sagt: Anden gjør Guds gjerning levende for oss. Der pinsens virkelighet fungerer, handler Gud med sitt barn. Et nytt liv blir skapt og levd. I dåpen fikk vi dette, men Anden må stadig virke i oss. Det skjer når vi ber Den Hellige Ånd komme og lar han være i funksjon i ditt liv — i mitt. God pinse!

## TAKK TIL RAGNHILD!

Menighetsseleven «vår», Ragnhild Fasselund, reiste frå Arna i byrjinga av mai. Då var skuleåret slutt på menighetsseminaret i Bergen.

Ragnhild har budd i Indre Arna, og hatt størstedelen av sin praksis i Arna / Garnes-området.

Vi er glade for å ha hatt henne som medarbeidar denne vinteren, og vil av hjarta takka for den tenesta ho har gjort her, både mellom born, unge og eldre.

Frå august tek ho til som ungdomssekretær i Madlamark kyrkjelyd i Stavanger. Vi ynskjer henne lukke og signing i det arbeidet ho skal gå inn i.

Arna kyrkjelyd reknar med å få elev frå Menighetsseminaret også neste skuleår.

## Frøet

*Eit lite frø i handa,  
du legg det ned i solvarm jord.*

*Dogg frå himlen veter.*

*Du ventar og då spirer det.*

*Fyrst eit lite spir av grønt,*

*som veks og vert ein*

*vakker blome.*

*Men frøet la du ned.*

*Ein Annan la og eit frø.*

*Eit skaparverk steig fram.*

*Kven sa at der inga skaparhand var?*

*Du la ditt frø*

*og det vart ein blome.*

*Han la sitt og det vart*

*ei verd med ditt frø og andre sitt.*

Sylvi Sæle



## Eitt-åring til Arna kyrkjelyd?

Norges kristelige ungdomsforbund har ei ordning med unge arbeidarar som dei kallar «eitt-åringar». Det er unge som gjev eitt år i teneste i ein kyrkjelyd eller i ein annan samanheng. Dei får lommepengar, hus og mat, men ellers har dei ikkje noko for arbeidet sitt.

Arna sokneråd har vendt seg til Ungdomsforbundet og søkt om å få tildelt eitt-åring frå hausten. Tanken er at han først og fremst skal konsentrere seg om arbeidet i Ten-sing, Treffan, speidarane og Unge vaksne.

Sjølv om eittåringen ikkje får løn, vert det likevel ein del utgifter med ei slik stilling, og soknerådet vil bygge vidare på den gjevartenesta vi har for å finansiere dette arbeidet.

## Heilskapsplanlegging

I den seinare tid har spørsmålet om heilskapsplanlegging vore drøfta i ulike samanhengar. Tanken spring fram av eit ynskje om å få eit meir planmessig og gjenomtrent arbeid i våre kyrkjelydar.

Arna sokneråd har hatt ei nemnd i arbeid som har drøfta spørsmålet om heilskapsplanlegging med tanke på vår kyrkjelyd. Nemnda har vore samansett av Harald Haugsvær, Marit Gilje, Målfrid Sandvik, Magne Mestad og Øyvind Øy.

Nemnda har lagt innstillinga si fram for soknerådet med fylgjande konklusjon:

1. Komitéen meiner at det må gjerast eit planmessig arbeid for at evangeliet skal nå ut til alle i vår kyrkjelyd.
2. Debatten om heilskapsplanlegging i den seinare tid har gjort at det ikkje er aktuelt å utarbeide ein fullstendig heilskapsplan no.
3. Komitéen meiner at det bør utarbeidast ei samla oversikt over

arbeidet i Arna kyrkjelyd så snart som mogeleg. Det bør og takast eit initiativ for å finne fram til aktuelle samarbeidsformer i kyrkjelyden.

Soknerådet har handsama innstillinga og samrøystes slutta seg til denne konklusjonen.

## NYTT KOR!




Frå hausten startar vi eit nytt kor for gutar og jenter over 10 år i Ytre Arna kyrkje. Tid og stad for fram møte vil vi kunngjera seinare.

Siri Brunvoll  
organist

## NY MEDHJELPAR

Nils Minde har bede seg friteken frå å vere medhjelpar i Arna kyrkje. Bjørgvin bispedømeråd har etter framlegg frå soknepresten oppnemnt Lars Gunnar Taule som ny medhjelpar.

Vi vil takke Nils Minde for arbeidet han har lagt ned og ynskje Lars Gunnar Taule velkommen i tenesta.



# Familieside

## OFRINGANE I KYRKJELYDANE

### DØYPTE:

#### Arna sokn:

12/4: Hilde Serin Blom Dahl, Svein Andreas Isaksen, Tom-Erik Tau-le.

19/4: Monica Helén Henriksen.

26/4: Jan Inge Sjurseth Sandal, Øystein Kleven, Stian Hammersland.

13/5: Silvia Pedersen, Anne Kristel Unneland, Erik Hult.

#### Ytre Arna sokn:

12/4: Svein Andreas Isaksen, døpt i Arna.

26/4: Ørjan Thunes og Svein Johan Kalvik, begge døpte i Arna.

### VIGDE:

#### Arna sokn:

10/4: Ole Bent Samuelson og Marit Kjerpeseth.

#### Ytre Arna sokn:

24/4: Norvald Kåre Bergfjord og Lise Rønquist Lund.

### DØDE:

#### Arna sokn:

4/5: Kristian Arnesen, f. 1980.

#### Ytre Arna sokn:

14/4: Olav Magnus Nævdal, f. 1911.

1/5: Ester Konstanse Prestehus, f. 1925.

## FASTEAKSJONEN

Ein del av dei fastebøssene som vart utlevert for innsamling av midlar til Kirkens Nødhjelp er no levert att.

Til no er det kome inn

Arna sokn: kr. 22.000

Ytre Arna sokn: kr. 4.146

Takk for gåva!

### Arna:

12.4: Kirkens SOS 1.677,-

19.4: Sjømannsmisjonen 2.339,-

20.4: Kyrkjelydsarbeidet 337,-

26.4: Kristenrussen 1.340,-

3.5: Kyrkjelydsarbeidet 3.745,-

10.5: Kyrkjelydsarbeidet 3.437,-

17.5: Søndagsskulearbeidet 1.654,-

### Trengereid:

26.4: Kyrkjelydsarbeidet 1225,-

17.5: Søndagsskulearbeidet 408,-

### Ytre Arna:

19.4: Sjømannsmisjonen 1.186,-

1.5: Kristne Arbeideres Forbund 586,-

3.5: Kyrkjelydsarbeidet 1.350,-

## LEIRPROGRAM

Om sommaren vert det arrangert ei rekkje leirar for born og unge, familiar og pensjonistar: kort sagt for alle i alle aldrar. Kyrkjelydsbladet har fått oppmoding om å ta inn oversyn over desse leirane, men til det er spalteplassen for liten. Men vi vil samla ein del leirprogram på Kyrkjekontoret i Indre Arna, så dei som vil ha nærare opplysningar, kan få program der.

## UTVIDING AV ARNA SOKNERÅD

Arna sokneråd har til no hatt åtte medlemmer. Spørsmålet om utviding av soknerådet var oppe på soknemøte den 24.4. og der vart det vedteke å utvide soknerådet til 10 medlemmer når det no skal velja nytt sokneråd.

Presten  
har  
ordet



Øyvind Øy.

## Nei til fri abort!

Mange er trøytte av denne sak. Like vel kan vi ikkje la spørsmålet ligge. Vi har ei forpliktig på Guds ord til å kjempe for det ufødde livs rett til å leve.

Vi har feira 17. mai og vi kjenner den forankring vårt folk har i kristen tru og tradisjon. Ein vesentleg del av denne tradisjon er eit kristent menneskesyn. Utviklinga i abortsaka rører sterkt ved den plass det kristne syn på mennesket har i vårt folk.

Vi ventar at politikarar som vil føre kristen tradisjon vidare, arbeider intenst for at dette kjem til uttrykk i vår lovgjeving. Spørsmålet er ikkje berre ei privat sak. Det gjeld framtida for vårt folk. Det er t.d. ei linje frå fri abort til evtanasi (barmhjertighetsdrap) av gamle og sjuke. Det er med og viser kor viktig denne saka er.

Abortspørsmålet har mange vanskelege sider, som ingen av oss så lett kjem forbi. Men det må ikkje hindre oss i å sette dette spørsmålet inn i ein større samanheng og spørje kva veg det ber for vårt folk.

I det siste har vi sett teikn på at også kristne er på gli i abortspørsmålet og lar seg forme av det som fleirtalet meiner og av dei lover vi har, og det er ei skræmmande utvikling. Vi er meir enn nokon for-

plikta på Guds ord. Det er lagnadstungt dersom kristne bøyer av i dette spørsmålet.

Vår oppgave er å verne om livet – også det ufødde.

## Kristenrussen til Arna

Kristenrussen reiser også i år rundt og har møte og samlar inn pengar til eit misjonsprosjekt. I Arna har dei desse møta: Ytre Arna tysdag 9. juni. Indre Arna torsdag 11. juni. Begge stader vert møta i bedehuset.

Misjonsprosjektet for Kristenrussen i Hordaland er i år å samla inn kr. 150.000 til vedlikehald og drift av 5 barnehagar i Japan. Det er Norsk Luthersk Misjonsamband som driv barnehagane

## FERIE FOR PRESTANE

Sokneprest Øyvind Øy har ferie frå 27.6 - 24.7.

Res.kap. Harald Sundsbø har ferie frå 23.6 - 25.6 og 25.7 - 18.8.

## KYRKJELYDS- TUREN

Kyrkjelydsturen for kyrkjelydane i Arna og Ytre Arna har vorte ein god tradisjon som mange set pris på. Kvart år har det vore god oppslutning om denne turen og sokneråda inviterer difor til tur også dette året. Datoen for turen er fastsett til søndag den 30. august. Truleg går vegen denne gongen til Stord med stopp på Leirvik og Fitjar. Vi kjem nærare attende til turen seinare, men set av den dagen alt no.

frå side 1

Ragnar Tesdal fortel i ein samtale med Kyrkjelydsbladet at han ser med glede fram til dagen. Heilt frå han var liten var han mykje med i arbeidet i kyrkjelyden og var med då dei starta ungdomsklubben «Treffen». Han har vore mykje med i song- og musikk-arbeid. 12-14 års-alderen starta han poporkester i Arna, og seinare har han vore mykje med i ten sing-arbeidet. Dei siste åra har han vore leiar av ten sing-koret «Salt» i Rødtvedt kyrkjelyd i Oslo.

Saman med kona si har han og m.a. vore med og spelt saman med songaren og forfattaren Bjørn Eidsvåg. Kona hans, Kristin Voll Tesdal, som er frå Hamar, er og flink musikal og sanger, så det vert mykje song og musikk der i huset.

— Kva arbeid har du hatt den siste tida?

— Eg har vore sivilarbeidar i Rødtvedt kyrkjelyd i Oslo. Her har eg hatt ansvar for ungdomsarbeidet og har hatt ein del praktiske oppgåver.

— Kva tankar gjer du deg om prestenesta?

— Det er eit spanande og vanskeleg arbeid. Men eg får kaste meg uti det. Eg ser det som mi oppgåve å ta meg av den einskilde og prøve å vere til hjelp for dei som treng det. Presten kan ikkje makte alt åleine, og det er nødvendig at arbeidet i ein kyrkjelyd kan vekse fram frå grunnen av.

Ragnar og Kristin skal ta til på Voss den 1. august. Vi vil ynskje dei Guds signing i den gjerninga som dei går inn i.

Ordinasjonsgudstenesta vert altså onsdag den 10. juni kl. 19.00. Etter gudstenesta inviterer soknerådet til kyrkjekaffi i Arna bedehus for alle som vil vere med.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle, Ragnhild Rismyr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trygt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 7: 8. aug.

Redaksjonsnemnda  
ynskjer alle lesarane

**GOD SOMMAR**



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

**GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår  
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter  
J.B. Myklestad

5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



**Solstrands  
Blomsterforretning**

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand  
Begravelsesbyrå**

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-  
folk, der alle kundar, store  
som små, er hjarteleg  
velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna**

**ESPELAND  
GARTNERI**

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

**ESPELAND  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser  
ordnes. Transport med egen  
bil. Annonser, sanger, sløy-  
fer. Monumenter besørjes  
oppsett.

**ARNA SPAREBANK**

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866  
**Banken der du bur**

— til bygdefolket sitt  
beste gjennom 115 år.

**ALLE VET**

at vi selger nyere utvalgte  
vogner. Prøv hos oss De og-  
så. Vi gir god service.

**Kversøy Bilforretning**

ESPELAND  
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har laveste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

**ARNA ELKJØP A/S**

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-  
de av elektriske forretninger  
EL-KJØP

**I MIN FORRETNING**

finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

# Velkommen til kyrkje

## 1. pinsedag 7. juni:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Offer til Nordhordland Indremisjon.

Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Offer til Nordhordland Indremisjon.

## 2. pinsedag 8. juni:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

## 10. juni:

Arna kl. 19.00: Ordinasjon av Ragnar Tesdal. Biskop With. Kyrkjekaffi.

## 14. juni:

Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Konrad Stormark. Nattverd.

## 21. juni:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til Misjon bak jernteppet.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy.

## 28. juni:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø.

Ytre Arna kl. 11.00: Per Sæle og Kåre Nyhamn.

## 5. juli:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Prostrådet.

## 12. juli:

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Bibelskolen i Bergen.

Trengereid kl. 18.00: Res.kap. Sundsbø.

## 19. juli:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

## 26. juli:

Arna kl. 11.00: Sekr. Kåre Nyhamn. Offer til Norsk kristen muslimmisjon.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

## 2. aug.:

Arna kl. 11.00: Rektor Petter Græsseth. Nattverd. Offer til Misjonsselskapet.

Ytre Arna kl. 11.00: Misjonsprest Svein Nielsen og misjonær Eli Aarsheim. Offer til Misjonsselskapet.

Trengereid kl. 11.00: sokneprest Øy. Offer til Santalmisjonen.

## 9. aug.:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

Ytre Arna kl. 11.00: Per Sæle og Sigv. Storheim. Offer til Kirkens SOS.

## 16. aug.:

Arna kl. 11.00: Ingmar Ljones. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

## 23. aug.:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens arbeid blant blinde.

## 30. aug.:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet. Barnevakt.